



Vår dato:

22.03.2024

Vår ref:

2024/4628

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Alver kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Svar på søknad - Forlenging av bandleggingssone - Alver - E39 Flatøy - Eikefettunnelen - kommunedelplan

Vi viser til søknad frå Alver kommune om vidareføring av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd d, i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 og kommunedelplan for Lindås 2019-2031, til trasé i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt.

Bakgrunn og grunngjeving for søknaden

Bakrunnen for bandleggingsona er planlegging av framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen, med tilhøyrande tilførselsvegar, lokalvegar, vegkryss, tunnel, gang- og sykkelvegar, rastepllassar og kontrollplassar.

Det er no fire år sidan bandleggingssona vart vedteken og kommunen har ikkje i denne perioden fått vedteke kommunedelplanen for E39, slik målet var når Lindås kommune utarbeida sin kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031. Kommunedelplan for E39 er formelt oversendt Alver kommune frå Statens vegvesen, men er ikkje behandla politisk i kommunen enno. Heimelen til å bandlegge areal i påvente av KDP E39 er gått ut og det er behov for å forlenge bandleggingsona fram til planen er formelt vedteken.

Regelverk

Når det gjeld spørsmålet om bandlegging av areal, står det følgjande i plan- og bygningslova § 11-8 bokstav d:

«d. Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet. Båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover er tidsbegrenset til fire år, men kan etter søknad til departementet forlenges med fire år.»

I Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) side 220, står det:

«Departementet kan etter søknad forlenge båndleggingsperioden i ytterligere fire år hvis det foreligger tilstrekkelig gode grunner for det. Behov for nødvendig arealbruksstyring i perioden fram til særlovsvedtak foreligger, er normalt en tilstrekkelig begrunnelse.»



Vi viser vidare til Kommunal- og distriktsdepartementet sin rettleiar H-2481 (2022) der det står:

«4.6.5.2 Forlenging av bandlegginga

Rettsverknaden av bandlegginga **fell bort når det er gått fire år**, frå den datoен planen vart endeleg vedteken. Departementet kan forlengje bandlegginga med fire år dersom oppfølginga er forseinka på grunn av forhold som ikkje kommunen er skuld i, og det elles er sterke samfunnsmessige grunnar for å halde ved lag den mellombelse bandlegginga.

Mynda til å handsame søknad om forlenging av bandlegginga er delegert til statsforvaltaren frå departementet ved rundskriv [T-6/96 «Overføring av myndighet etter plan- og bygningsloven til statsforvalteren»](#), jf. [rundskriv T-2/09](#).

Bandlegginga kan **berre forlengjast** éin gong med fire nye år.

Kommunestyret eller formannskapet må i utgangspunktet vedta søknad om forlenging. Eit eventuelt planutval kan på delegert mynde likevel avbryte forlengingsfristen, men kommunestyret eller formannskapet må i så fall deretter stadfeste søknaden. Søknad om forlenging må vere sendt før fireårsfristen går ut. Dei råka bør varslast om søknaden om forlenging og vedtak om at bandlegginga er forlenga.

4.6.5.3 Utløp av bandlegginga

Dersom bandlegging går ut utan at det er vedteke reguleringsplan eller fatta vedtak etter anna lov, må området i utgangspunktet takast opp til ny planlegging for å få styring på arealbruken. Det aktuelle området kan ikkje leggjast ut til bandlagt område på nytt. Skal området bandleggjast på nytt, må føremålet for bandlegginga vere eit anna enn førre gong.

For å halde ved lag styringa i områda inntil arealplanane blir revidert eller det er fatta vedtak etter anna lov eller reguleringsplan, kan det med heimel i plan- og bygningslova § 13-1 leggjast ned mellombels forbod mot tiltak. Eit mellombels forbod vil gjelde inntil det blir vedteke plan etter plan- og bygningslova.»

Vurdering

I forarbeida til plan- og bygningslova står det at bandleggingssona kan forlengast om det er tilstrekkelege gode grunnar til det. Dette er utdjupa i rettleiar for kommuneplanen sin arealdel med to punkt:

1. dersom oppfølginga er forseinka på grunn av forhold som ikkje kommunen er skuld i
2. det elles er sterke samfunnsmessige grunnar for å halde ved lag den mellombelse bandlegginga

Statens vegvesen skriv i sitt brev til kommunen datert 29.08.2023: «Statens vegvesen sendte forslag til kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen til Alver kommune den 14.10.2022 for handsaming. Det var venta eit vedtak av kommunedelplanen før utløp av bandleggingssona. Kommunedelplanen er ikkje lagt ut på offentleg ettersyn og vedtak er ikkje mogleg før utløp av bandleggingssona.»

Kommunen skriv i sin søknad at:

«Det har gått ein lengre periode sidan planen vert oversendt til kommunen, det har i denne tida gjennomført fleire interne møte med dei berørte fagområda som landbruk, kultur og arealforvaltning. Me har også nyleg vore i regionalt planforum hos Vestland fylkeskommune 27.02.2024, kor me fekk gode tilbakemeldingar og gode diskusjonar på korleis me arbeider med planforslaget.»



I e-post frå kommunen 21.03.2024, opplyser kommunen om at det no er vedtatt politisk at planen skal på offentleg ettersyn, og planen kjem truleg på offentleg ettersyn etter påske.

Statsforvaltaren vurderer etter dette at arbeidet med kommunedelplanen for E39 Flatøy-Eikefettunnelen har vore i aktiv prosess i bandleggingsperioden, og at det bør vere mogleg å ferdigstille planen i løp av dei neste åra. Dette er eit stort og omfattande planarbeid, og vi kan ikkje sjå at kommunen er skuld i at planen ikkje er vedtatt enda. Vi finn difor at første punkt er oppfylt.

Arbeidet med ny E39 mellom Flatøy-Eikefettunnelen er eit av delprosjekta under satsinga på utbetra og ferjefri E39. I søknaden står det mellom anna at «*Samfunnsmålet for delstrekninga på E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen er å skape eit meir effektivt og trafikksikkert nord-sør-samband på Vestlandet innanfor dei rammene og føringane som er gitt i NTP. Løysinga må legge til rette for vidare utvikling av Knarvik som regionsenter.*»

Statsforvaltaren si vurdering er at det er samfunnsmessige gode grunnar for å forlenge bandleggingssona.

Medverknad

I rettleiar H-2481 står det at partar som er råka bør varslast om søknaden om forlenging. Det kom ikkje fram i oversending frå kommunen 07.03.2024 om kommunen har gjort dette. Statsforvaltaren har difor etterspurt informasjon om dette, og kommunen har svart i e-post 21.03.2024. Kommunen skriv der at:

«*Bandleggingssona ligg i vedtatt KDP for Knarvik, Alversund og Alverstraumen og KPA Lindås, og har vore kunngjort ved vedtak av plan i 2019. Vi tilskriv ikkje grunneigarar i planer på overordna nivå. Kommunestyre gjorde om forlenging av bandleggingssona etter at Statsforvalter har behandla den. Då vert det kunngjort på heimeside og lokalavisar, til offentlege instansar som er vanlig praksis for KDP og KPA.*»

Statsforvaltaren vurderer at det er uheldig at kommunen ikkje har varsla eventuelle råka partar. Søknad om forlenging burde kunngjerast i minst ei avis som er alminneleg lesen på staden og gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media, slik ein ville gjort ved høyring av kommuneplanen jf. pbl. § 11-14.

Frist

Både kommuneplan for Lindås og kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen vart vedtekne 15.10.2019. Rettsverknad av bandleggingssona gjekk ut 15.10.2023.

Statens vegvesen bad Alver kommune om å handsame saka om forlenging av bandleggingssona i brev datert 29.08.2023. Kommunen har etter dette vore i kontakt med Statsforvaltaren om handsaminga, og saka har vore handsama av kommunen fleire gongar. Alver kommune sende søknad om forlenging av bandleggingssone i e-post 07.03.2024.

Det står i rettleiar for kommuneplanen sin arealdel (H-2481) at søknad må vere sendt før bandleggingstida er gått ut. Vi finn ingen slik frist i lov eller forarbeid. Saka har vore kjent for både Statsforvaltaren, kommunen og Statens vegvesen sidan før bandlegginga gjekk ut. Vi vurderer såleis at vilkåra i lov og forarbeid er oppfylt i denne saka.

**Vedtak**

Statsforvaltaren godkjenner forlenging av bandleggingssona for framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen (H710) jf. pbl § 11-8 ledd d, i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 og kommunedelplan for Lindås 2019-2031. Bandlegginga gjeld til 15.10.2027.

Grunngjevinga er at det er eit omfattande planarbeid og kommunen kan ikkje lastast for at kommunedelplanen for E39 Flatøy-Eikefettunnelen ikkje er vedtatt innan dei fire åra bandleggingssona i utgangspunktet gjeld. Planen skal også ut på offentleg ettersyn om kort tid. Vi vurderer at det er gode samfunnsmessige grunnar til å forlenge bandlenggingssona.

Vårt vedtak kan påklagast til Kommunal- og distriktsdepartementet innan tre veker frå mottak av dette brevet.

Vi ber Alver kommune kunngjere vedtaket. Klagefristen er her tre veker frå kunngjeringa. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent